

FILM

BRIT AKSNES, HÅKON TVEIT OG ROALD HELGHEIM

Rebecca (Juliette Binoche), Lisa (Adrianna Curtis) og Marcus (Nikolaj Coster-Waldau) i ei lukkeleg familiestund i *Tusen ganger god natt*. Foto: Filmweb

Yrke: reporter

Erik Poppe fordøyer fortida si som fotograf.

FILM
Tusen ganger god natt

REGISSØR: ERIK POPPE

MEDVERKANDE: JULIETTE BINOCHÉ, NIKOLAJ COSTER-WALDAU, LAURYN CANNY, MADS OUSDAL M.F.L.

Krigsfotografen Rebecca følger ei kvinne i Kabul på sjølv-mordstøkt. Då bomba smell, er ho sjølv dauden nær, men kjem seg heim til døtrene og den trygge marinbiologen Marcus. Han er lei av å venta på å bli enkjemann. Maktar Rebecca roa ned eller må ho kjenna reporterrusen ein siste gong?

FOTOBOKSEN

Etter den vellukka Oslo-trilogien sin stig Erik Poppe ut av hovudstadsbåsen – ut i verda. Han vender tilbake til fortida si som fotograf i konfliktsoner. Røynsla hans er gull verd. Filmen er flott fotografert, og leiken med ljøs er briljant.

Regissøren går ikkje i djupna rundt rolla til reporteren, sjølv om han er medviten og engasjert. Det er problema til dei

privilegererte som blir drøfta. Dei som oppsøker uvissa. Blikket høyrer alltid til den vestlege fotografen, snarare enn offera.

HEIMEFRONTEN

Tusen ganger god natt handlar om kva konsekvensar det har på heimebane støtt å stilla seg i livsfare. Poppe har sjølv kjent kontrasten mellom koket på frontlina og tryggleiken familien treng. Tittelen speglar perspektivet til dei som sit att.

Juliette Binoche viser konsekvent klasse. Her òg. Danske Coster-Waldau er daffare som Marcus, medan debutant Lauryn Canny er knakande god som tenåring med eit skjørt samband med mora.

Den franske stjerna og dei fine bileta ber Poppes høgst personlege prosjekt. Likevel snik ei kjensle seg på av at ambisjonane kunne ha vore høgare.

HÅKON TVEIT

Håkon Tveit er lektor ved Institutt for framandspråk ved Universitetet i Bergen og fast filmmeldar i Dag og Tid.

Ikkje vilt nok

At dette tredje splatter-bromance-samarbeidet blir det siste, er like greitt.

FILM
The World's End

REGI: EDGAR WRIGHT

MEDVERKANDE: SIMON PEGG, NICK FROST, PADDY CONSIDINE

Gary King (Pegg) har gjort lite å skryta av sidan glansdagane i ungdomstida, og no vil han samla gjengen på ny pub-tilpub-runde i heimbyen. At apokalypsen ventar bak neste ølkran, anar dei lite om. Regissør Wright og medmanusforfattar Pegg sparar ikkje på effektane i den siste filmen sin. Likevel verkar *The World's End* tam og uninspirert samanlikna med *Shaun of the Dead* (2004) og *Hot Fuzz* (2007).

Simon Pegg og Nick Frost

fungerer igjen som radarpar – sjarmen og den rørende kompisomtanken kjem framleis fram og utgjør glimt av genuinitet. Noko av entusiasmen har elles forsvunne, og overraskingsmomenta verkar føreseielege. Kjendisskodespelarane spelar i stor grad på kjennemerka dei har bygt seg opp i andre filmar, og bidreg til kjensla av lettvt arbeid. Oppbygginga går tregt, særleg med tanke på at tilskodaren veit kva som skal koma. Meir splatter og meir ektefølt mas hadde filmen og fansen fortent.

BRIT AKSNES

Brit Aksnes er frilans kulturarbeidar og fast filmmeldar i Dag og Tid.

Jorda rundt på nitti

Frå første dag var iranaren Asghar Farhadis nye skilsmisdedrama ei



FILM

DEN 23. FILM FRÅ SØR-FESTIVALEN I OSLO 10.–20. OKTOBER.

I fjor fekk han Oscar for beste utanlandske film, *Nader og Simin – et brudd*. I 2011 vann han Gullbjørnen i Berlin, og prisane for beste mannlege og beste kvinnelige hovudrolle i eit mellommenneskelege drama. Med årets iraniske Oscar-kandidat *Fortiden* (Le passé) har han flytta dramaet til Paris, der Marie (Bérénice Bejo) møter den iraniske eksmannen Ahmad (Ali Mostafa) for at dei skal skrive under skilsmisepapir. Ei enkel sak som etter kvart involverer både den nye mannen hennar, barn og andre involverte i noko som nesten får den første oscarfilmen til å bleikne og som held oss stangen i over to timar i eit sterkt drama av moderne strindbergsk kaliber.

Tre visingar var utselde på rekordtid, og han var eitt av mitt knappe dusin dykk ned i ein festival med nitti filmar frå trettito land – filmar som er dei beste frå landa dei kjem frå, og som like

viktig er eit einestående høve til å lære verda betre å kjenne på, slik ho kjem til uttrykk i det filmatiske og dramatiske uttrykket, anten det er dokumentar eller drama. I tillegg til at det er ei gåve til alle i den multikulturelle hovudstaden.

AMERIKA SØR

Etter Lucia Perenzos store opningsfilm *Wakolda*, basert på den nyleg omsette romanen hennar av same namn om krigsforbrytaren Josef Mengele i Argentina, handlar det neste dykket om eit heitt argentinsk trekant-drama, mellom ei kvinne og to menn på ein tobakksplantasje, regissert av spelefilmdebutanten Barbara Sarasole-Day frå filmnasjonen Argentina, der det vidstrakte landet i høg grad pregar uttrykket. Vegen er kort til Chile, der Christian Sotos med *The Last Station* (La Última Estacion) som med ei forteljing frå ein aldersheim, med sitt stillfarne, sakte og nesten ordause drama om menneske som ventar på døden, likevel var noko av det mest andelaust vakre eg opplevde.

Då er det ein helt annan dām over *Gullburet*, om tre guatemalanske tenåringar på flukt nordover mot eit betre liv i USA, i ein film som ikkje sparer på råskapen langs vegen frå både politi og andre som ranar og skor seg på dei verjelause. Det er ein spelefilm med ein dokumentarisk

Høg temperatur i filmen *Fortiden*, her med Bérénice Bejo og Ali Mostafa (t.v.) som den nye. Foto: Film fra Sør

styrke i seg om kva det er å vere på flukt i denne verda.

VERDA

Chilenske Sebastian Leilos *Gloria* er ei saftig skildring av ei frodig mellomaldrande kvinne som møter ein dramatisk lagnad i ein slask av ein sviskefull eldre mann, men som står han av i ein film med sjeldan usminka scener av eldre nakenkarakter. Ein sterk familiefilm er japanske Hirokazus *Som far, så sønn*, som viklar opp dramaet rundt to ektepar som oppdagar at to søner vart bytte om under fødselen.

Meir enn saka i seg sjølv hand-

Thai-film i åndenes hus

– Som menneske skifter du ham heile tida, seier Film frå Sørs thailandske

Det fulle namnet på filmskaperen og videokunstnaren frå Thailand er Apichatpong Weerasethakul (fødd 1970), som på opninga fekk æresprisen The Silver Mirror Honorary Award. På festivalen viser han tre spelefilm, ein serie kortfilm, og laurdag opna han utstillinga *Photophobia* på Stenersenmuseet i Oslo. For nammelettlikens skuld kal-

lar han seg også Joe, og på filmen *Onkel Boonmee som kan erindre sine tidlige liv*, som i 2010 fekk Gullpalmen i Cannes, møter vi både nolevande personar og tidlegare reinkarnasjonar av same.

– Trur du sjølv på reinkarnasjon?

– Filmen er inspirert av ei bok eg fekk frå ein munk som ofte gjev ut bøker om karma og Budd-

has lære. Lik far min har hovudpersonen sviktande nyre. Han reiser til heimstaden for å leve sine siste dagar, og der dukkar det opp minne frå tidlegare liv i form av inkarnasjonar eller anna.

FISKEN SOM ELSKAR

I filmen kan dei stå fram i hamen til ein vassbøffel eller ein amorøs fisk, som i filmen verkeleg har seg i selskap med ei verkeleg, badande kvinne.

– Filmen *Syndroms of a Century* er forteljinga om korleis foreldra mine møttest, og eigne opplevingar er utgangspunkt for alle spelefilmene mine, seier Apichatpong Weerasethakul, som har laga seks av dei.

– Ein stad i den siste filmen seier hovudpersonen at han angrar på at han drap for mange kommunistar. Kvifor?

– Inspirert av Kina var det ei sterk kommunistisk rørsle nordaust i Thailand i 70- og 80-åra som styresmaktene jakta på. På

Frå gullpalmevinnarfilmen *Onkel Boonmee som kan erindre sine tidlige liv*. Foto: Film fra Sør